

— 14 —

kvadi fraa denne tidi ikkje vart uppskrivne fyrr lenge etter, gjev dei ikkje noko klaart bilate av maalet i vikingtidi og høyrer i maalvegen helst til det neste tidebilet.

Fraa vikingtidi hev me ei mengd med jordfunder og fornleivor av alle slag, mest jarnfang: vaapn og tarvende. Det var i vikingtidi dei lagde liki, brende eller ubrende, i baatar eller skip, og gjorde store haugar yver. Av slike skip hev dei i Vestfold fraa kringum aar 900 funne fram tvo, som hev halde seg alt til vaare dagar (*Gokstadskipet*, og det nyfunne *Osebergskipet*, som laver av fin treskurd). — Jordfunderne fraa den yngre jarnalderen syner oss, at i den tid var ogso innlandet bygt.

Som alt anna vart ogso skrifti og maalet mykje umbroytt i vikingtidi. I staden for den eldre runerekkja med 24 teikn, kom det i det 9de hundr. i bruk ei rekkja med berre 16 (*den yngre runerekkja*), som ikkje kunde skilja millom so mange ljodar som den eldre, men var meir lagleg aa hogga inn i stein og skjera i tre:

ƒ u þ a r k, g h n i a s t, d, p, b l m R(y)

Av norske innskrifter med yngre runer hev me atter kringum 150; men det er faa som er fraa denne eldste tidi. Den merkelegaste er den paa *Karlevisteinen* paa Øland i Øystresjøen med eit finbygt vers, som ein austnorsk skald umkr. 980 hev dikta um ein dansk hovding som vart gravlagd der.

Av dei mange maalbrigde i slutten av den eldre jarnalderen og i vikingtidi vil me her nemna dei merkelegaste.